



## Lågterskeltilbod logopedi

Lågterskeltilboden tek i mot det meste av vanskar som gjeld språklydsvanskar og kommunikasjon hjå barn og unge i barnehage- og grunnskulealder. I hovudsak er det «mindre» vanskar som er mest aktuelle for arbeid gjennom lågterskeltilboden. I ein del saker tilrår logopeden at ein tilviser PPT.

Når barn ikkje utviklar språket sitt i vanleg tempo tilrår me at ein kontaktar barnehagen. Ein kan då drøfta saka i barnehageteam, eller ta kontakt med PPT for å avtala eit drøftingsmøte med dei. Me gjennomfører ikkje kartlegging knytt til språkutvikling på lågterskel.

Logopeden drøfter gjerne saker anonymt med skule/barnehage/helsestasjon/andre instansar.

Alle som kontaktar oss blir bedne om å fylla ut digital førespurnad om lågterskeltilbod hjå logoped. Du finn skjemaet på nettsidene til Voss herad: <https://voss.herad.no/tenester/barn-og-familie/pedagogisk-psykologisk-teneste-ppt/logopedi/>. Her ber me om kontaktinformasjon, årsak til at ein tek kontakt, informasjon om relevante vanskar i familien, informasjon om høyrsel, samt informasjon om eventuelle vanskar med eting/munnmotorikk. Me ber også om samtykke, slik at logopeden kan kontakta til dømes barnehagen eller skulen for å få nødvendig og relevant informasjon. Det er ikkje nødvendig å fylla ut dette før ein ringer oss.

### Døme på aktuelle saker:

#### Språklydsvanskar

Barnet kan ikkje seja R-lyd, blandar ulike lydar, det er vanskeleg å forstå kva barnet seier.

#### Taleflytvanskar (stammer, løpsk tale)

Saker der ein er usikker på om barnet stotrar eller stammar. Her er det viktig å presisera at ein ikkje skal venta og sjå over lengre tid. Dersom ein er uroleg for taleflyten til eit barn skal ein kontakta logoped raskt. Barn med mistanke om stotring/stammer får prioritet.

#### Vanskar med munnmotorikk

Sikling ut over tre års alder, vanskar med å eta visse typar mat/konsistensar.

Denne informasjonen vart sist oppdatert 08.07.25.